

Auka støtte fra Innovasjon Norge til landbruksinvesteringar i Hordaland i 2018

Bønder i Hordaland kan no få inntil 2 mill. kr i tilskot til å bygge driftsbygning

Generelt sett vil vi gje høgare tilskotsprosent til investeringar enn før

Vi vil prioritere mjølkebruk mellom 15-30 kyr og sauebruk mellom 100 -200 sau

Vi vil gje auka støtte til investeringar ved generasjonsskifte

Gardsbruk med for lite gjødsellager kan få støtte til nytt lager

Vi innfører standardiserte støttesatsar til investeringar i frukttrefelt

Generelt

- Tilskot inntil 35% og inntil 2 mill kr i tilskot
- Bygningar med spesielt høg bruk av tre kan få auka støtte (innan 2 mill kr)
- Prosjektet skal isolert sett vere lønsamt
- Tilstrekkeleg forgrunnlag, mjølkekvote og spreidareal skal sikrast ved avtaler.
- Søknader der arbeidet er oppstarta før saken er avgjort vil ikkje verte innvilga

Mjølkeproduksjon

- Prioriterer mjølkebruk mellom 15 - 30 kyr
- Prioriterer omstilling til lausdrift
- Normal tilskotsprosent ca. 20 til 35 %

Kjøttproduksjon på storfe

- Ammekuproduksjon prioritert framfor kjøttproduksjon basert på innkjøp av kalv
- Normal tilskotsprosent ca. 20 - 25% .
- Tilskotsgrunnlag inntil kr 100 000 pr ammeku

Lammekjøtt

- Prioriterer sauebruk frå 100 til 200 v.f.s.
- Bruket sitt ressursgrunnlag viktig
- Normal tilskotsprosent ca 20 -25%
- Tilskotsgrunnlag inntil kr 13 000 pr vfs.

Frukt og bær

- Tilskot til nyplanting, dekking, vatning og hjortegjerde
- Standardiserte kostnadsatsar pr da
- Plantearealet må normalt vere minst 5 da, (3 da for økologisk)
- Normal tilskotsprosent ca. 30%, (40% til økologisk).

Gjødsellager

- Prioriterer gjødsellager med minst 10 mnd. lagringsplass
- Tilskotprosent på ca. 20-25%

Generasjonsskifte

- Tilskot på inntil 40% til investeringar
- Kostnadsgrense på 1 mill kr
- Søkjar under 35 år
- Inntil 5 år etter eigarskifte

Nye næringer

- Prosjekta skal føre til ei utvikling eller omstilling av landbruket
- Det bør være landbruksdrift på eigedommen før eventuell løyving av etablerartilskot
- Tilskot vil variere frå 25% til 75%